



Statens vegvesen



Reklame

langs offentlig veg

2014

INFORMASJON



Ulovleg reklame ved gangfelt/busshaldeplass. Foto: Stein Jaatun

I denne brosjyra finn du informasjon om ein del viktige reglar som regulerer reklame langs offentlig veg.

Reklame og trafikkfare

Reklame langs vegen er trafikkfarleg dersom han hindrar nødvendig sikt, for eksempel i kryss eller ved gangfelt. Reklame kan også skape trafikkfarlege situasjonar dersom han tar merksemda bort frå vegen og trafikken, det vil seie skaper distraksjonsfare. På fortau og gangveggar kan reklame vere til hinder for fri ferdsel, særleg for syns- og rørslehemma.



Ulovleg reklame på trafikkøy. Foto: Svein Ivar Lykke

Kva er reklame?

Alle ytringar som har til føremål å fremme særskilte kommersielle, politiske eller ideelle interesser, eller kunngjere private meiningar eller hendingar, vert rekna som reklame etter veglova.


Reklame omfattar meir enn skilt og plakatar, for eksempel vimplar, flagg, banner, ballongar, figurar, installasjonar, symbol og lys. Det omfattar også reklame på kjøretøy som ikkje er i drift, når dette kjøretøyet er plassert godt synleg frå vegen med føremål å reklamere.

Forbod mot reklame på vegen sitt eigedomsområde og på vegutstyr

Du har ikkje lov til å sette opp reklame eller anna innretning på eigedomsområdet til offentlig veg utan løyve. Forbodet gjeld mellom anna følgjande stader: Vegbane, vegskråningar, grøfter, fortau, gang/sykkelvegar, rabattar, rasteplassar, gangbruer, skiltutstyr og ulike veginstallasjonar.

Reklame eller anna innretning som er plassert på vegen sitt eigedomsområde og på vegutstyr kan fjernast av Statens vegvesen utan varsel.

Her er det anten ikkje lov, eller svært lite rom for reklame





Ulovleg reklame festa til trafikkskilt. Foto: Stein Jaatun

Variabel reklame

Utanfor tettbygd strøk gjeld eit generelt forbod mot reklame som endrar budskap meir enn éin gong i døgnet (variabel reklame). Innanfor tettbygd strøk, der fartsgrensa er 50 km/t eller lågare, gjeld dette forbodet berre ved signalregulerte kryss og rundkjøringar.

Søknadsplikt for reklame langs offentlig veg

Dersom du skal sette opp reklame eller liknande innretning som rettar seg mot eller er synleg for trafikantane på vegen, må du søke om løyve (veglova § 33). Dette gjeld uavhengig av avstanden til vegen, byggegrensar og eigedomstilhøve.

Reklameinnretning som er festa på bygget der verksemda vert driven, og som berre viser firmanamn eller type verksemd, krev ikkje løyve etter veglova. Dersom Statens vegvesen finn at slik reklame er trafikkfarleg, kan reklamen likevel krevast fjerna. Denne typen reklame kan vere søknadspliktig etter anna lovverk.

Korleis søke om løyve?

Oppsetting av reklame langs veg er regulert av m.a. desse reglane:

- Veglova (forvalta av Statens vegvesen eller kommunen)
- Plan- og bygningslova (forvalta av kommunen)
- Lokale politivedtekter (forvalta av politiet eller kommunen)
- Vegtrafikklova og skiltforskrifta (forvalta av politiet og Statens vegvesen)

Som søker er du sjølv ansvarleg for å finne ut kva for reglar du må ta omsyn til, og når det må søkast om løyve.

Søknad om løyve til oppsetting av reklame etter **veglova** skal sendast til **regionvegkontoret** (Statens vegvesen) dersom reklamen rettar seg mot riks- og fylkesveg, og til **kommunen** dersom reklamen rettar seg mot kommunal veg.

Søknaden til regionvegkontoret skal innehalde informasjon om; kven som er søker, lokalisering, grunneigar, type reklame, innhald, utforming, plassering og kor lenge reklamen vert ståande. Søknaden bør ha gode illustrasjonar og informasjon om status for eventuell kommunal saksbehandling vedlagt. Søknadsskjema og utfyllande informasjon om reklame langs offentlig veg finn du i rettleinga «Reklame og trafikkfare», sjå www.vegvesen.no

Søknaden vert vurdert i forhold til trafikkfare. Forhold som trafikkmengde, fartsnivå og kor mange kryss, gangfelt og liknande på staden inngår i denne vurderinga. Faren for ulukker aukar når farten er høg eller trafikkmiljøet er krevande.



Ulovleg fasadereklame ved gangfelt.. Foto: Unni Bukkøy Lodden



Ulovleg reklame langs motorveg. Foto: Bjørn E. Pålsrud

Vi har fjerna reklamen din utan varsel fordi:

- Reklamen var plassert på eigedomsområdet til offentlig veg (veglova § 57 jf. 58)
- Reklamen var plassert på offentlig trafikkskilt (skiltforskrifta § 1 nr. 2)

Stad..... dato.....

underskrift.....

Se www.vegvesen.no for kontaktinformasjon